




Borgarundersøkinga Aukra 2025



Korleis det er å bu og leve i
Aukra kommune

Om undersøkinga



FORMÅL

Borgarundersøkinga i Aukra i 2025 kartlegg innbyggjarane sitt inntrykk av kommunen og tilfredsheit på ulike tenesteområde, blant anna kommunale tenester, tilbød og moglegheiter i kommunen, tryggleik og demokrati. I denne rapporten presenterer vi funna frå undersøkinga, og trekk fram sentrale faktorar for at innbyggjarane skal oppleve Aukra kommune som en god plass å bu og leve.



UTVAL

Undersøkinga er gjennomført blant eit tilfeldig trekt utval som består av 466 innbyggjarar i Aukra kommune, alle i alderen 18 år og eldre. Resultata er vektta på kjønn og alder, slik at utvalet best mogleg skal spegle fordelinga på kjønn og alder i befolkninga (og kjent som populasjonen) i Aukra kommune. Intervjua er gjennomført på respondentens telefon etter invitasjon på SMS. Deltakarane svarte på undersøkinga i perioden frå 21.02.2025 til 07.03.2025.



PRESENTASJON AV RESULTATANE


I undersøkinga har respondentane vurdert ulike område knyta til Aukra kommune på ein skala frå 1 til 5, til dømes frå 1 «Svært misnøgd» til 5 «Svært nøgd». I denne rapporten er svara koda om til standardiserte gjennomsnitt på ein skala frå 0 til 100, der 0 er det dårlegaste resultatet og 100 er det beste resultatet. Hensikta med dette er å forenkle tolkinga av resultata, blant anna når ein samanliknar resultata til ulike grupper. *Sjå «Borgarmodellen» for ei forklaring av måla i undersøkinga og tolking av resultata.*



TESTING AV SIGNIFIKANS

Det er gjennomført signifikanstesting av forskjellar mellom resultata til Aukra og gjennomsnittet for kommunar med under 10.000 innbyggjar. Hensikta med denne testen er å undersøke om resultata til ei undergruppe er forskjellig frå motsatsen (alle dei som **ikkje** tilhøyrar same kategori), til dømes om innbyggjarane under 30 år svarar forskjellig frå dei som er eldre enn 30 år, eller om det er signifikant forskjell mellom svara i Aukra kommune og kommunar av same storleik. Dersom ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Signifikanstestinga gjerast for kvart spørsmål, og forskjellen som er naudsynt for at noko markerast som signifikant kan variere mellom spørsmåla. Ein forskjell på 3 kan være signifikant i eit spørsmål, men ikkje i eit anna. Om ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit seie at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Med mindre anna spesifiserast vil all analyse og presentasjon vere statistisk signifikante forskjellar. Ein fullstendig oversikt over alle spørsmåla er i vedlegget.

Borgarmodellen



Gjennomsnittskår	Tolking av resultata (skårane)
80 og over	Framifrå
70–79	Godt
60–69	Nokså godt
50–59	Middels
40–49	Svak
Under 40	Dårleg

HOVUDMÅL

Hovudmåla i borgarundersøkinga er **Borgarskåren** og dei to samlemåla **Tenestetilfredsheit** og **Omdøme**.

INDEKSAR

Dei fem indeksane er satt saman av spørsmålsgrupper som dekker underliggjande tema.

- Spørsmåla i indeksane **Kommunale tenester** og **Tilbod og moglegheiter** utdjupar **Samlemål 1: Tenestetilfredsheit**.
- Spørsmåla i indeksane **Tilbod og moglegheiter**, **Tryggleik i kvardagen**, **Demokrati** og **Kommunen som organisasjon** utdjupar **Samlemål 2: Omdøme**.


KONTROLLMÅL

Tilknytning og tilhøyrse er eit mål som handlar om innbyggjaranes kjensle av tilknytning og tilhøyrse til kommunen, men vi spør og om deira tilknytning til lokalsamfunnet. I tillegg har vi spurt om dei ville anbefalt kommunen som bustad, og om de ser føre seg å bu i kommunen om fem år.

RESULTAT

Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk. Til venstre ser ein korleis ein kan tolke skårane. Merk at dette er ein rettleiande tolking.

Feilmarginar



I ein kvar utvalsundersøking må ein operere med feilmarginar for fordelingar. Storleiken på feilmarginen avhenger av utvalets storleik, og av resultatet i utvalet. Jo meir prosenten som har ein bestemt eigenskap, nærmar seg 50, dvs. jo meir heterogent utvalet er, desto større feilmargin må vi regne med.

I denne undersøkinga med eit utval på 466, vil feilmarginane variere frå 2,7 prosentpoeng ved en 10/90-fordeling til 4,5 prosentpoeng ved en 50/50-fordeling.

Figuren til venstre viser korleis feilmarginane utviklar seg ved ulike utvalstorleikar og fordelingar.


Med ein svarprosent på 39 % (466 av 1200 inviterte), er det svært god respons på borgarundersøkinga.

02


Om respondentane



Om respondentane



Om respondentane



03

Resultat



Kva viser resultata?

PRESENTASJON AV RESULTAT

Aukras resultat i 2025 presenterast med **feit skrift**. Når resultat presenterast som lågare eller høgare er det statistisk signifikant lågare eller høgare. Om resultat er tilsvarande tyder det at det ikkje er signifikante skilnadar, og sjølv om det kan være ein forskjell i skår er den ikkje statistisk signifikant.

HOVUDRESULTAT

Jamt over er det svært gode resultat for Aukra i borgarundersøkinga 2025. Den samla kommunevurderinga (**75**) er betre enn snittet for like store kommunar (med færre enn 10.000 innbyggjarar) på **64**, men tilsvarande som i 2017. Total tilfredsheit (borgarskåren) er på **79**, noko som er betre enn resultatet for like store kommunar (**68**), men igjen tilsvarande som i 2017. Aukra får ein skår på **69** for samlemålet tenestetilfredsheit, og omtrent likt som for like store kommunar (**63**). På omdømme får Aukra ein skår på **77**, betre enn det nasjonale snittet og like store kommunar (**66** begge to), men tilsvarande som i 2017. Det er ein tydeleg alderseffekt på omdømme, der dei eldste gir ein høgare skår enn kva dei yngre gjer. Dei mellom 18 og 29 år har dårlegast inntrykk av kommunen, medan dei som er 70 år og eldre har det beste inntrykket.

Faktoren som har størst påverknad på kor nøgd ein er med kommunen som ein stad å bu og leve, er samla kommunevurdering. Faktorane som har størst påverknad på inntrykket respondentane har av Aukra (omdømet) er i kor stor grad dei er nøgd med informasjonen til innbyggjarane. På **tenestetilfredsheit** er det drikkevatnet og dei sosiale tenestene som har størst påverknadskraft.

Det er eit svært godt resultat på spørsmålet om kor sannsynleg det er at ein bur i kommunen om 5 år, på **83**. Dette er mykje betre enn i like store kommunar (**72**), men tilsvarande som i 2017. Sjølv om Aukra har gjort det svært godt i borgarundersøkinga i 2025, var og førre borgarundersøking svært god, så det er få punkt der det er utvikling frå sist gong. På hovudtala er det ein betre skår i 2025 på sentrumsattraktivitet på **54** i 2025, mot **44** i 2017. Det har vore ein stor utvikling der. Vi ser og ein auke i tilbod og moglegheiter, men med fleire endringar i kva slags spørsmål som inngår i denne kategorien, er samanlikning over tid noko vi gjer svært forsiktig. Merk: skårane som er

indekser (som vist på side 11), er ein samansetning av fleire spørsmål. Vi har rekna ut desse på nytt for 2017-tala der vi berre inkluderer dei spørsmåla som er med i 2017 og 2025. Om ein samanliknar resultata med 2017-rapporten vil det dermed være avvik, men det blir meir riktig på denne måten, sjølv om samanlikning endå må gjerast forsiktig.

TENESTER I KOMMUNEN

På samlemålet for tenestene i kommunen har Aukra ein snittskår på **70**, likt resultatet for like store kommunar (**63**), men tilsvarande som i 2017. Når vi ser på dei forskjellige tenestene i kommunen, ser vi at Aukra skårar høgare enn jamstore kommunar, men tilsvarande som i 2017 på spørsmåla om gang- og sykkelstiar (**74** mot **56**) og renovasjon (**82**), mot hhv. **69** og **80**. Inntrykket av grunnskulen (**72**) er tilsvarande som i like store kommunar, men lågare enn i 2017 (**80**). Inntrykket av vegane i kommunen (**59**) er lågare enn kva det var i 2017 (**68**), men høgare enn i jamstore kommunar (**49**) og inntrykket av drikkevatnet er betre (**90**) enn både jamstore kommunar (**82**) og 2017 (**79**).

I dei nye spørsmåla i borgarundersøkinga (der det ikkje er samanlikning med 2017-tala), skårar Aukra godt og tilsvarande som i jamstore kommunar. Inntrykket av kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen (**65**), kommunens nettside (**64**), fastlege- og legevaktordninga (**62**) er alle middels gode, og tilsvarande som vi finner i kommunar av same storleik. For desse spørsmåla skårar Aukra nokså likt som jamstore kommunar, noko som betyr at det ikkje er signifikante forskjellar mellom resultata for Aukra og jamstore kommunar. Til sist får Aukra ein skår på **48** på psykisk helse og rus. Her er det mange som har svart at dei ikkje veit kva dei synest og ein bør tolke resultatet forsiktig. For spørsmålet om psykisk helse og rus er det ikkje samanlikningsgrunnlag med like store kommunar og Norge.

TILBOD OG MOGLEGHEITER

På tilbod og moglegheiter har Aukra ein samla skår på (**54**), omtrent tilsvarande som i like store kommunar (**57**), og høgare enn i 2017 (**49**, rekna ut på nytt med dei aktuelle spørsmåla). Aukra skårar jamt over likt som jamstore kommunar, men høgare enn jamstore kommunar på kulturtilbodet (generelt) med **75**, mot **58** i jamstore kommunar. Inntrykket av kulturtilbodet er og høgare i 2025 enn i 2017.

Kva viser resultata?

Aukra skårar lågare enn like store kommunar på utdanningstilbodet (**46**, mot 54), men tilsvarande som i 2017. Vi ser og at inntrykket av turisttilbodet er lågare i 2025 (**37**), enn i 2017 (**43**) og i jamstore kommunar (**61**). Det same gjelde moglegheita til å drive næringsverksemd, som er **50** i 2025, mot 58 i 2017 og 61 i jamstore kommunar. Eit av dei nye spørsmåla, inntrykket av restaurant/utelivet, er svært lågt, med ein skår på 16. I kommunar av same storleik har dei i snitt ein skår på 43. På dei andre nye spørsmåla, tilrettelegging for natur- og friluftsliv (tidlegare berre natur og friluftsliv), handels- og servicetilbod, bustadtilbodet og barne- og ungdomstilbodet gjer Aukra det tilsvarande som kommunar av same storleik. Til sist ser vi at det er eit betre inntrykk av jobbmoglegheitene i Aukra i 2025 (**57**), enn kva det var i 2017 (**49**).

TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Tryggleik målast gjennom fleire spørsmål, kor trygg ein er på at sjukehuset kan ta vare på ein om ein vert sjuk, kommunens kriseberedskap og tryggleik frå kriminalitet.

Aukra kommune opplevast som ein trygg stad å bu, der ein opplever svært stor tryggleik frå kriminalitet (**79**). Dette er ein tilsvarande skår som i jamstore kommunar og Aukra i 2017. Kriseberedskapen til Aukra vurderast til **63**, omtrent likt som jamstore kommunar og 2017-resultata. Til sist måler vi kor trygg ein er på at det samla sjukehusstilbodet gir deg forsvarleg behandling om ein blir sjuk – der Aukra får eit betre resultat (**72**) enn like store kommunar (**62**), men tilsvarande som i 2017.

Samla sett vurderer dermed innbyggjarane i Aukra tryggleiken i kommunen til **73**, likt som i jamstore kommunar (**68**) og 2017-resultata (**71**).

DEMOKRATI

Opplevinga av demokratiet i Aukra vart målt gjennom spørsmål om ein er tilfreds med korleis politikanane lyttar til innbyggjarane, om ein har tillit til politikanane og om ein opplever at innbyggjarane har innflyting på kommunale avgjerder. Aukra får ein skår på **59** på politikananes lytting til innbyggjarane, omtrent likt som det vi ser i like store kommunar (**53**) og i 2017 (**54**). På tillit til politikanane får Aukra ein skår på **62**, høgare enn snittet i like store kommunar (**53**), men tilsvarande som i 2017 (**58**). Til slutt vurderast opplevinga av innverknad til **53**, likt som i like store kommunar (**49**) og 2017 (**53**). Til saman vurderast dermed demokratiet til en samla skår på **59**, tilsvarande som like store kommunar (**52**) og

2017 (**54**). Merk at demokratispørsmåla jamt over får lågare resultat enn dei andre spørsmåla, men dette er ikkje unikt for Aukra og gjelder og samanlikningsgrunnlaget.

INNTRYKK AV KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

Kommunen som organisasjon oppnår samla sett ein skår på **67**, høgare enn i like store kommunar (**59**), men tilsvarande som i 2017 (**65**). Spørsmåla som utgjer målet på kommunen som organisasjon er inntrykket av kommunens klima- og miljøtiltak, informasjon til innbyggjarane og inntrykket av kommunen når det gjeld samfunnsansvar og etikk.

Aukra får tilsvarande resultat som jamstore kommunar på spørsmål om klima- og miljøtiltak (**64**, mot 57 i jamstore kommunar) og samfunnsansvar og etikk (**64**, mot 60 i jamstore kommunar og 64 i 2017). På informasjon til innbyggjarane skårar Aukra (**70**) tilsvarande som i 2017 (**65**), men høgare enn jamstore kommunar (**61**).

SAMLA KOMMUNEVURDERING

Den samla kommunevurderinga er **75**, høgare enn i like store kommunar (**64**) og likt som i 2017. Den samla kommunevurderinga består av alle hovudmåla slått saman, kor Aukra får høgare resultat enn like store kommunar på fleire punkt og betre resultat enn 2017 på sentrumsattraktiviteten (**54**, mot 44 i 2017). På borgarskåren får Aukra en **79**, noko som er høgare enn resultata for like store kommunar (**68**) og Noreg (**66**), men likt som 2017. På samlemål 1: Tenestetilfredsheit får Aukra en skår på **69**, tilsvarande som like store kommunar (**63**) og 2017. På samlemål 2: Omdøme har Aukra en skår på **77**, høgare enn like store kommunar (**66**) og tilsvarande som 2017 (**75**). På sentrumsattraktivitet skårar Aukra **54**, som er høgare enn i 2017 (**44**), men likt som jamstore kommunar. Til sist ser vi at Aukra skårar betre en jamstore kommunar på spørsmåla om tilknytting, både til kommunen (**75**, mot 62) og til lokalsamfunnet (**73**, mot 60). Tilknyttinga til kommunen er lik i 2025, som i 2017 (**74**).

Kva viser resultatata?

TILLEGGSSPØRSMÅL

Aukra hadde fleire tilleggsspørsmål som ble stilt i same undersøking, men som ikkje har samanlikning med jamstore kommunar. Enkelte av tilleggsspørsmåla var med i 2017, men ikkje alle. Vi går gjennom dei viktigaste funna her.

Aldersvenleg bustad

- Rundt 6 av 10 ser for seg at dei i framtida vil ha behov for ein aldersvenleg bustad. Berre dei over 50 har svart på dette spørsmålet.
- 4 av 10 er komfortable med å bruke mindre enn 10.000 på bu-utgifter i ein aldersvenleg bustad, medan omtrent like mange er komfortabel med å bruke mellom 10 og 15.000 kroner.
- Dei er splitta i kor mykje dei er villig til å betale for ein aldersvenleg bustad, 21 % svarer 1-2 millionar, 27 % 2-3 millionar og 15 % 3-4 millionar. Nesten 4 av 10 (37 %) veit ikkje eller vil ikkje svare. Ettersom det er få respondentar på desse tre spørsmåla, er det ikkje nokre interessante skilnadar mellom respondentane.

Bustadar

- 1 av 4 synest det er for stor risiko å kjøpe seg bustad i Aukra, medan litt under halvparten er ueinige i dette. Dei i området Julsundet synest i mindre grad at det er for stor risiko å kjøpe bustad. Dei i Gossa-området synest det er større risiko.
- 6 av 10 synest ikkje det er god nok tilgang på bustadar av ulik prisklasse og storleik i kommunen. Nesten halvparten i Gossa-området svarer at dei er heilt ueinige i at det er god nok tilgang på ulike bustadar i kommunen. Med andre ord meiner dei i Julsundet i større grad enn Gossa at det er god nok tilgang på bustadar i ulik storleik/prisklasse. Menn er meir einige i at det er nok bustadar enn kva kvinner er og vi ser at dei med lågast inntekt i mindre grad synest det er god tilgang.

Eigenberedskap

- 1 av 3 har styrka eigenberedskapen sin i det siste året, medan nesten like mang (27 %) ikkje har gjort det, men planlegg å gjere det.

Kommunens omsorgstilbod kan erstattast av noko av det følgjande:

- Litt over 1 av 3 er positive til at noko av kommunens omsorgstilbod kan erstattast av ny velferdsteknologi. 30 % er nøytrale. Dei med grunnskule/VGS-utdanning er mindre einige enn dei med høgare utdanning.

- Litt under halvparten er positive til at noko av kommunens omsorgstilbod kan erstattast av hjelp frå frivillige, medan 31 % er nøytrale.
- Omtrent 6 av 10 er positive til at ein kan flytte til tilrettelagt bustad, medan 24 % er nøytrale. Kvinner er meir positive enn kva menn er.
- Hjelp frå familie og nabolag som erstatning for noko av kommunens omsorgstilbod er positivt for litt over 1 av 3 i kommunen, medan 1 av 3 er nøytrale.


Einsamheit, trening og tilværelsen

- 73 % svarer at dei sjeldan har følt seg einsam i dei siste to vekene, medan 16 % svarer at dei av og til har det. 1 av 10 svarer at dei ofte eller svært ofte har det.
- Vi ser at berre 3 % aldri er så aktiv at dei ikkje blir andpusten eller sveitt, medan 41 % blir det 2-3 dagar i veka, 19 % i 4-5 dagar og 11 prosent 6-7 dagar. 16 % blir det ein dag i veka
- 8 av 10 er nøgd eller svært nøgd med tilværelsen og berre 2 % er svært misnøgd. Jo eldre ein er, jo meir nøgd er ein. Jo meir utdanning ein har, jo meir nøgd er ein.


Ting ein kan gjere for lokalsamfunnet

- 2 av 5 kan tenke seg å klippe gras, handle mat og andre praktiske gjeremål. 1 av 4 er ueinige.
- 1 av 3 kan sjølv tenkje seg å ta imot praktisk hjelp frå andre i lokalsamfunnet. Nesten 1 av 3 kan ikkje tenke seg det. Det er ein tydeleg alderseffekt her, der dei eldste er meir einige enn dei yngste og dei med høgast inntekt er meir ueinige.
- 2 av 3 vil vere med på å vidareutvikle lokalsamfunnet sitt (nabolaget, bygda, byen), berre 5 % vil ikkje det.
- 1 av 3 kunne tenkje seg å gjere ein frivillig innsats i t.d. skule, barnehage og liknande, medan 1 av 4 ikkje kunne tenkje seg det. Kvinner er meir einige i at dette er noko dei kan tenkje seg enn kva menn er.
- 1 av 3 kunne tenkje seg å bu i eit bufellesskap med yngre og eldre saman. Litt fleire ein 1 av 3 kunne ikkje tenkje seg dette. Dei eldste (70 +) er meir einige enn kva dei under 70 er. Gossa-respondentane er mindre einige i påstanden, enn kva Julsundet-respondentane er.


Hovudresultat




Tenester i kommunen




Tenester i kommunen




Tilbod og moglegheiter




Tilbod og moglegheiter




Tryggleik i kvardagen




Demokrati




Inntrykk av kommunen som organisasjon



Oppsummering



Borgarkrysset: Aukra



OM BORGARKRYSSET

Tenestetilfredsheit og omdøme er mål på to sentrale område som har å gjere med korleis innbyggjarane opplever kommunen dei bur i – totalt sett. Begge måla har sterk samanheng med borgarskåren.

Borgarkrysset er ei grafisk framstilling av dei to måla. Den vertikale aksene viser tenestetilfredsheit, og den horisontale aksene viser omdøme. Skårane visast som standardiserte gjennomsnitt der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår.


Resultatet for Aukra i 2025 visast med eit **blågrønt** kryss i midten av figuren. Der den horisontale og vertikale linjene møtes, er skårane til Aukra på samlemåla tenestetilfredsheit (69) og omdøme (77). Det **lysare** krysset viser resultatet for like store kommunar.

Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på tenestetilfredsheit og omdøme. Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla.

Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.

Aukras resultat er signifikant betre enn jamstore kommunar på omdøme (66), men ikkje tenestetilfredsheit (63), men skårar betre enn Noreg totalt på begge spørsmåla, når vi ser på heile landet, utan å ta høgde for kommunestørrelse der ein bur.

Borgarkrysset: Kjønn



OM BORGARKRYSSET: KJØNN

Figuren til venstre viser korleis menn og kvinner i Aukra plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Aukra kommune, uavhengig av kjønn og det **lysare** krysset viser resultatet for like store kommunar.


Det er ikkje nokon kjønnskilnad i kor nøgd ein er med tenestene i kommunen, eller godt inntrykk ein har av kommunen samla sett.

Når vi ser på kjønnskilnadane for dei forskjellige tenestene i kommunen, ser vi at kvinner er meir nøgd med barnehagetilbodet (88), enn kva menn (80) er og meir nøgd med renovasjon (87) enn kva menn er (80). Utover desse faktorane er det ikkje nokre kjønnskilnadar i kor nøgd ein er med dei forskjellige tenestene.

Når vi ser på dei forskjellige tilboda og moglegheitene, ser vi at kvinner eir meir nøgd med tilrettelegginga for natur- og friluftsliv (86) enn kva menn er (80), medan menn er meir nøgd med turisttilbodet i Aukra (42) enn kva kvinner er (33). Utover dette er det ikkje nokre andre kjønnskilnadar i tilbod og moglegheiter.

Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.

Borgarkrysset: Alder




OM BORGERKRYSET: ALDER

Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Aukra plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Aukra kommune, uavhengig av alder og det **lysare** krysset viser resultatet for like store kommunar.

På alle dei forskjellige tenestene i kommunen, ser vi at dei eldste, på 70 år eller eldre, gir den høgaste skåren, medan dei yngste på 18–29 år gir den lågaste. Spesielt er det stor skilnad på tilfredsheit med dei sosiale tenestene, fastlege- og legevaktordninga, helse- og omsorgstenester, renovasjon og kommunens nettside, der avstanden mellom dei eldste og dei yngste er størst.

Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere skilnadane mellom de ulike gruppene.

Kva har påverknad på borgarskåren?



Viktige faktorar som bør styrkast:
Tilbod og moglegheiter

Viktige faktorar som bør bevarast:
Samla kommunevurdering
Omdøme/totalinntrykk

Faktorar som har påverknad på Borgarskåren

Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på **Borgarskåren**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **Borgarskåren**.

Den loddrette aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den vassrette aksen viser kor stor påverknad de ulike faktorane har på **Borgarskåren**. Desto lengre til høyre i figuren en faktor plasserer seg, desto viktigare er den med tanke på å oppnå en god **Borgarskår**.

De **blå** faktorane er indekser, satt saman av alle spørsmåla om det temaet, dei **grøne** er eit enkeltspørsmål og dei **lilla** er tilknytning og tilhøyrse.


Kva bør prioriterast?

Høgaste prioritet bør være å styrke faktorar som plasserer seg nede og lengst til høgre i figuren. Faktorar som plasserer seg øvst til høgre, bør bevarast, og styrkast om mogleg. Faktorar som ikkje vises i figuren, er mindre viktige for **Borgarskåren** og kan prioriterast lågare.

Med en påverknadskraft på litt over 0,5 har totalinntrykket samla kommunevurdering stor påverknad på i kor stor grad ein synest Aukra er ein god plass å bu og leve. Sjå side 3 for info om dette målet. Samanlikna med dei andre faktorane er dette faktoren med størst påverknad, men totalinntrykket av kommunen har og stor påverknad.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på tenestetilfredsheiten?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Sosiale tenester
Byggesakshandsaming

Viktige faktorar som bør bevarast:

Drikkevatnet
Tilrettelegging for natur- og friluftsliv

Faktorar som har påverknad på tenestetilfredsheiten


Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på **tenestetilfredsheiten**. Påverknadskrafta finner vi ved å leite etter mønster i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **tenestetilfredsheiten**. Tenestetilfredsheiten er samlemål 1, med spørsmålsformuleringen: «Kor nøgd totalt sett er du med dei kommunale tenestene i din kommune?». Tolkinga av figuren er elles lik som på førre side.

Med en påverknadskraft på cirka 0,14 har drikkevatnet størst påverknad på kor tilfreds ein er med tenestene i kommunen. Vi ser og at tilfredsheita med tilrettelegginga for natur- og friluftsliv og dei sosiale tenestene har nesten like mykje påverknadskraft. Begge desse faktorane har (relativt) høg påverknadskraft, men har og allereie ein høg skår og er vanskeleg å forbetre vidare.

Inntrykket av byggesakshandsaminga, fastlege- legevaktordninga og kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen har og ein tydeleg påverknadskraft som er omtrent like stor. Dersom inntrykket av tenestene i figuren minskar, vil det og ha ein effekt på samla tenestetilfredsheit. Resultatet her viser kva som har størst effekt på tenestetilfredsheiten, men alle faktorane i figuren har ein effekt og eit enkeltresultat kan ikkje sjåast på eller arbeidast med åleine.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på omdømet?



Viktige faktorar som bør styrkast:

I kor stor grad ein har tillit til politikarane
Oppleving av innverknad

Viktige faktorar som bør bevarast:

Informasjon til innbyggjarane
Tilrettelegging for natur- og friluftsliv

Faktorar som har påverknad på omdømet


Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på **omdømet**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **omdømet**. Målet for omdømet er samlemål 2, med spørsmålsformuleringen: «Kor godt inntrykk har du totalt sett av din kommune?». Tolkinga av figuren er elles lik dei tidlegare sidene.

Med en påverknadskraft på litt over 0,25 har informasjon til innbyggjarane størst påverknad, med eit lite hopp før vi ser dei andre faktorane. Som for tenestetilfredsheiten er det og svært mange faktorar som har ein målbar effekt på omdømet, og påverknadskrafta det visast til forutsett at dei andre faktorane ikkje reduserast. Tillit til politikarane, samt inntrykket av sjukehusstilbodet er faktorar med nokså høy påverknadskraft, men lågare enn informasjon til innbyggjarane.

I resultatata ser vi at for dei som svarer høgare på informasjon til innbyggjarane, og har et betre inntrykk av kommunen totalt sett enn dei som svarer lågare på informasjon til innbyggjarane. Jo meir inntrykket av informasjon til innbyggjarane aukar, jo betre inntrykk har ein av kommunen.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Restaurant/uteliv
Kollektivtilbodet
Handels- og servicetilbodet

Viktige faktorar som bør bevarast:

Tilrettelegging for natur- og friluftsliv
Kulturtilbodet (generelt)

Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten

Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på sentrumsattraktiviteten. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå dei i samanheng med sentrumsattraktiviteten. Spørsmålet er «I kor stor grad synest du at sentrum i din kommune framstår attraktivt i dag?». Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.

Med en påverknadskraft på 0,25 har kor nøgd ein er med kollektivtilbodet i kommunen størst effekt på kor attraktivt ein synest sentrum er. Inntrykket av handels- og servicetilbodet har og ein relativt stor påverknadskraft på 0,19.

Både kulturtilbodet (generelt i kommunen, ikkje berre det kommunale kulturtilbodet), og inntrykket av restaurant/utelivet i kommunen, har omtrent lik påverknadskraft, men inntrykket av restaurant/utelivet har ein svært låg skår, mot kulturtilbodets høge skår. Ved å betre inntrykket av restaurant/utelivstilbodet med 20, frå 16 til 36, vil sentrumsattraktiviteten i teorien auke med 3, frå 54 til 57. Merk at dette er eit augeblinksmål, men er basert på data som vi har samla inn.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Sentio Research

Mellomila 56, 7018 Trondheim
post@sentio.no